



Harald Johannes Hansen
Fonnebostvegen 128A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2203 - 16/20228

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
20.07.2016

Førespurnad om mogeleg ulovleg etablert veg - gbnr 106/11 og 106/7 Fanebust

Lindås kommune er kjent med at det på dykkar eigedom er utført arbeid med etablering av veg på Naustneset.


Vi har motteke fleire meldingar om tiltaket, og på bakgrunn av det vart det foretatt synfaring på staden 12.07.2016.





Vegen er etablert frå enden av eksisterande veg fram mot grensa til hytta på gbnr 106/100.

Eigedommane ligg i område avsett til landbruk, natur og friluftsføremål i kommuneplanen sin arealdel. Eigedommane der den etablerte vegen er, ligg og innanfor 100 meters beltet langs sjø der det er eit byggeforbod, jf. plan- og bygningslova § 1-8.



Utdrag frå plankartet til kommuneplanen sin arealdel.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det er søkt om eller gjeve løyve til etablering av veg slik den ligg.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova.

Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om tilhøvet.

Frist for skriftleg tilbakemelding er 17.august 2016.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2203

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart og bilde

Informasjon om gravarbeid i LNF område ved Naustneset på Fanebust

Mottakarar:

Harald Johannes Hansen	Fonnestvegen 128A	5955	LINDÅS
Ingvar Fanebust	Fonnestvegen 156	5955	LINDÅS